


Opplæring i føretak



Oppl ring i f retak

Redakt r:

Magnus Fodstad Larsen

Forfatter:

 sgeir Kjetland Rabben

ISSN: 2703-9110

CC-BY 4.0

Innhald

1 Samandrag	3
2 Innleiing	4
3 Datamateriale	7
4 Nedgang i gjennomføring av dei fleste typar opplæringsaktivitetar	9
4.1 Deltaking på kurs	12
4.2 Deltaking i andre former for opplæring	15
5 Kraftig endra ressursbruk i mange næringar	18
5.1 Utgifter til opplæring	18
5.2 Tid brukt til opplæringskurs	19
6 Ferdigheter føretaka trur blir viktige dei neste åra	20
7 Ferdigheiter føretak har hatt opplæringskurs i	21
8 Nokre vurderingar	22
9 Referanseliste	25

1 Samandrag

SSB gjennomfører kvart femte år undersøkinga *Opplæring i føretak*, som kartlegg ulike typar ikkje-formell opplæring (kurs, praktisk opplæring og liknande) som går føre seg i arbeidslivet. Undersøkinga dekkjer først og fremst næringar i privat sektor. Siste runde tek føre seg opplæringsaktivitetar som blei gjennomført i 2020, eit år som var sterkt prega av koronapandemien. Resultata frå dette året seier truleg først og fremst noko om korleis pandemien ramma ulike næringar og føretakstypar på ulike måte.

I 2015 gjennomførte 99 prosent av alle føretak minst éin opplæringsaktivitet. I 2020 var den tilsvarende andelen 93 prosent, og ein kan seia at ikkje-formell opplæring i arbeidslivet var utbreidd også dette året. Det har likevel vore ein nedgang i opplæringsaktivitetar som er større enn desse tala kan gi inntrykk av. Det har for det første vore ein nedgang i kor stor andel av dei tilsette som har delteke på kurs, og det har også vore ein reduksjon i gjennomføringa av dei fleste typar opplæring utanom fjernundervisning/e-læring.

Nedgangen i opplæring mellom 2015 og 2020 har vore særleg stor i visse næringar og i små føretak. Dette gjer at det i 2020 var langt større skilnader mellom føretak i ulike næringar og av ulik storleik. At koronarestriksjonar har ført til mindre opplæringsaktivitet, er noko føretak i alle næringar melder om. I tillegg seier føretak i ulike næringar i varierende grad at særleg høg arbeidsbelastning har gjort det vanskeleg å gjennomføra opplæringsaktivitetar i koronaperioden. Enkelte næringar har økonomisk sett gjort det godt i 2020, medan andre har hatt ein ekstraordinært stor nedgang. Dei næringane som har gjort det dårlegast økonomisk er også dei som har redusert utgiftene til opplæringsformål mest, og er også blant dei næringane som i størst grad har redusert opplæringsaktiviteten i 2020.

2 Innleiing

Endringar i arbeidslivet gjer at det i aukande grad er behov for at arbeidstakarar skaffar seg ny kompetanse også etter at ein er ferdig utdanna. Ekspertutvalet for etter- og vidareutdanning peikar på at det no har blitt bygd opp eit omfattande system for formell utdanning på alle nivå, og at neste steg «er å gå fra et system der vi primært lærer først og jobber etterpå, til et system der vi lærer hele livet og jobber underveis» (NOU 2019: 12, p. 13). Veldig mykje læring skjer allereie i arbeidslivet, ikkje minst som uformell læring gjennom deltaking i nye arbeidsoppgåver og -situasjonar utan at det er ein lærar eller rettleiar til stades. Også andre og meir organiserte former for ikkje-formell læring, som kurs og liknande, er utbreidd. Noreg er eit av landa i Europa med den høgaste deltakingsandelen i jobbrelatert, ikkje-formell læring betalt av arbeidsgivar. Litt under halvparten av den vaksne befolkninga i Noreg hadde delteke i dette i 2016, som er det siste året med samanliknbare data. Aller høgast låg Sveits, med 53 prosent (Eurostat, 2023f).

Undersøkinga *Opplæring i føretak* kartlegg nettopp denne typen opplæring. Næringane som er inkluderte i undersøkinga sysselset rundt 60 prosent av alle årsverk i Noreg, hovudsakleg i privat sektor (Statistisk Sentralbyrå, 2023b).¹ Undersøkinga eignar seg difor til å sjå nærare på kor mykje og kva type opplæring som blir gitt i ulike næringar og i føretak av ulik storleik, men gir ikkje overordna tal

¹ Sjå oversikt over inkluderte næringar i tabell 1.

på deltaking som er samanliknbare med den internasjonale statistikken nemnd over.

Opplæring i føretak vert gjennomført med fem års mellomrom, sist i 2021. Spørsmåla gjeld forhold året før. Siste runde handlar med andre ord om 2020, eit år som var sterkt prega av koronapandemien. Pandemien fekk mellom anna konsekvensar som var med på å redusera mengda opplæring i 2020. Noko av dette hadde å gjera med ulike former for restriksjonar som gjorde at mange arbeidde på heimekontor eller under særskilde forhold på arbeidsplassen. I tillegg fekk pandemien betydelege økonomiske konsekvensar (Tabell 1). Resultata frå *Opplæring i føretak* ser ut til å indikera at dette kan ha hatt innverknad på kor mykje opplæring som har gått føre seg på arbeidsplassen, og me skal difor sjå litt nærare på korleis ulike næringar utvikla seg økonomisk i denne perioden. Som me ser i Tabell 1, var det store skilnader mellom dei ulike næringane på dette punktet. Ved å bruka 2015 som basisår når me ser på den økonomiske utviklinga, får me med oss endringar mellom dei to siste måletidspunkta for undersøkinga (2015 og 2020) i tillegg til endringar i første del av koronapandemien (2019 til 2020). Her ser ein tydeleg at overnattings- og serveringsverksemdene og verksemdar innan transport og lagring vart særleg hardt råka av pandemien. Mellom 2015 og 2019 opplevde dei to næringane høvesvis ein liten vekst og ein liten nedgang. Nedgangen i desse næringane mellom 2019 og 2020 er til samanlikning svært stor: I 2020 låg volumet 33 og 37 % under nivået frå 2015. Informasjons- og kommunikasjonsbransjen og finans- og forsikringsverksemdene har derimot hatt ein markert vekst sidan 2015 – for sistnemnde næring har mykje av veksten skjedd i koronaperioden. Det same ser ein innan varehandel. For dei andre næringane ser ein mindre endringar i den aktuelle perioden – både mellom 2015 og 2019 og i koronaperioden.

Det er ikkje gitt at det treng å vera ein samanheng mellom den økonomiske utviklinga i ei næring og ei endring i mengd og type opplæringsaktivitetar i den same næringa. Likevel kan det vera relevant å la desse tala danna ein bakgrunn for 2020-undersøkinga, særleg i dei tilfella der næringar har opplevd ein ekstraordinært stor negativ vekst. Figur 10 viser at dei næringane som har hatt den klart største negative veksten, Transport og lagring og Overnatting og servering, også har hatt den prosentvis største nedgangen i pengebruk på opplæringsaktivitetar. På den andre sida er Informasjon og kommunikasjon den næringa som har vakse mest i perioden frå 2015 til 2020, og det er også her den

største auken i pengebruk har vore.²Figur 10 Samla utgifter til opplæring per person i føretak i ulike næringer. 2020. Antal 2015-kroner.

Tabell 1 Volumendringar i bruttoprodukt i basisverdi i ulike samanslåtte næringer. 2015 som basisår.

Næring ³	Volumendring, bruttoprodukt i basisverdi. 2015 som basisår.		
	2015	2019	2020
Bergverksdrift og utvinning	100	100	109
Industri	100	100	94
Kraftforsyning og vatn/avlau	100	98	103
Bygg og anlegg	100	113	109
Varehandel	100	111	118
Transport og lagring	100	98	63
Overnatting og servering	100	109	67
Informasjon og kommunikasjon	100	120	119
Finansiering og forsikring	100	105	114
Eigedom og tenesteyting	100	110	106

Kjelde til tal for volumendringar: Utrekna med utgangspunkt i Statistisk Sentralbyrå (2023a): Tabell 09170: Produksjon og inntekt, etter næring.

Tala frå *Opplæring i føretak* gir oss berre opplysningar om endringar mellom 2015 og 2020, og seier difor ikkje direkte om det har skjedd ein nedgang i sjølve pandemiperioden. Men i tillegg til det føretaka sjølv rapporterer, viser tal frå Arbeidskraftundersøkelsen (AKU) eit fall i deltakinga på jobb-relaterte kurs blant sysselsette etter at pandemien braut ut i slutten av 1. kvartal 2020. Eit atterhald ein må ta når det gjeld AKU, er at denne dekkjer sysselsette i alle næringer, medan *Opplæring i føretak* dekkjer eit utval næringer og hovudsakeleg privat sektor. Dei overordna tala frå AKU peikar uansett klart i retning av eit fall i opplæringsaktivitet: I 2. kvartal 2019 hadde 16 prosent av dei sysselsette delteke i jobbrelatert ikkje-

² Finansiering og forsikring er registrert med større auke i pengebruk, men for denne næringa kan ikkje tal frå 2015 og 2020 samanliknast. Sjå forklaring i kapittelet om datamateriale.

³ Namna til nokre av næringane i tabellen er forkorta. Det er dei forkorta namna som vil bli brukt vidare i rapporten. Dette gjeld *Kraftforsyning og vatn/avlau*, som er samanslått av næringane *Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning* og *Vannforsyning, avløps- og renovasjonsvirksomhet*. Vidare gjeld det *Varehandel*, som har det fulle namnet *Varehandel, reparasjon av motorvogner*. Til sist gjeld det *Eigedom og tenesteyting*, som er sett saman av næringane *Omsetning og drift av fast eigedom, Faglig, vitenskapelig og teknisk tenesteyting, Forretningsmessig tenesteyting, Kulturell virksomhet, underholdning og fritidsaktiviteter* og *Annen tenesteyting*.

formell opplæring i løpet av dei siste fire vekene, medan det tilsvarande talet i 2. kvartal 2020 var 10 prosent. Likeins er tala for 3. kvartal 10 og 7 prosent i høvesvis 2019 og 2020, og tala for 4. kvartal er 19 og 14 prosent (Andresen et al., 2021, p. 78). Gjennom heile 2020 etter at pandemien braut ut, ser ein altså lågare deltakingstal enn det ein gjorde året før – gjennomsnitta for dei tre siste kvartala i 2019 og 2020 er 15 og 10 prosent. Sidan det blir spurd om deltaking dei siste fire vekene og ikkje om deltaking i løpet av heile 2020, får me ikkje noko klart svar på kor stor endring det var samla sett i andelen som deltok på jobb-relaterte kurs dette året,⁴ men at det er ein nedgang er likevel tydeleg.

3 Datamateriale

Dataane frå undersøkinga *Opplæring i føretak*⁵ er samla inn av SSB, og utgjer den norske delen av undersøkinga *Continuing vocational training survey (CVTS)*, som er i regi av Eurostat. Undersøkinga samlar inn data om kurs og anna opplæring i arbeidslivet, og inneheld i tillegg mellom anna spørsmål om framtidig kompetansebehov. *Opplæring i føretak* har blitt gjennomført i Noreg med 5 års mellomrom sidan 2000, sist i 2020. Ein har likevel ikkje tidsseriar frå 2000. Frå og med 2010-undersøkinga har ein nemleg gått over frå å bruka *bedrifter*⁶ til å bruka *føretak* som teljeeining, og undersøkingar før og etter dette kan difor ikkje samanliknast med kvarandre (Statistisk Sentralbyrå, 2022). Endringar i 2015-

⁴ Lærevilkårsmonitoren (LVM) er eit tillegg til AKU der det mellom anna blir spurd om kursdeltaking dei siste 12 månadane. Tal herifrå kunne ha sagt noko om samla nedgang i opplæringsaktivitet gjennom 2020, men ei omlegging av undersøkinga i 2021 gjer at det blir brot i tidsserien. Tala kan difor ikkje brukast til å seia noko om kor stor nedgang i opplæringsaktivitet det var under pandemien Grendal, O. N. (2022). *Halvparten av sysselsatte i offentlig administrasjon deltok på kurs*. Statistisk Sentralbyrå. Retrieved 25.01.2023 from <https://www.ssb.no/utdanning/voksenopplaering/statistikk/livslanglaering/artikler/halvparten-av-sysselsatte-i-offentlig-administrasjon-deltok-pa-kurs>.

⁵ «[E]it føretak [er] definert som den minste kombinasjonen av juridiske einingar som produserer varer eller tenester, og som til ein viss grad har sjølvstendig avgjerdsrett. I statistikken vert ei juridisk eining behandla som eit føretak» Statistisk Sentralbyrå. (2022). *Opplæring i føretak*. Statistisk Sentralbyrå. Retrieved 24.01.2023 from <https://www.ssb.no/utdanning/voksenopplaering/statistikk/opplaering-i-bedrifter>.

⁶ «Der føretak er den minste juridiske og økonomiske eininga, så er ei bedrift ei lokal bransjeeining. Dette er ei produksjonseining, som er inndelt etter kva for slags økonomisk aktivitet som vert utøvd. I nyare tid vert lokal bransjeeining som oftast omtalt som ei «verksemd»» *ibid.*.

undersøkinga gjer vidare at mykje av 2010-undersøkinga heller ikkje kan samanliknast med dei to siste rundane (Eurostat, 2016, p. 5).

Dataane kan delast opp etter føretaksstorleik og næring, men det vil vera problematisk å dela opp etter både føretaksstorleik og næring på ein gong.⁷ Når det gjeld storleik, er føretaka delt inn etter om dei har mellom 10 og 49 tilsette, mellom 50 og 249 tilsette eller 250 eller fleire tilsette. Vidare er dataane nasjonalt representative, og kan ikkje delast opp etter region (Statistisk Sentralbyrå, 2022).

Føretak i 15 ulike næringar er med i undersøkinga. Dette er:

- Bergverksdrift og utvinning
- Industri
- Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning
- Vannforsyning, avløps- og renovasjonsvirksomhet
- Bygge- og anleggsvirksomhet
- Varehandel, reparasjon av motorvogner
- Transport og lagring
- Overnattings- og serveringsvirksomhet
- Informasjon og kommunikasjon
- Finansierings- og forsikringsvirksomhet
- Omsetning og drift av fast eiendom
- Faglig, vitenskapelig og teknisk tjenesteyting
- Forretningsmessig tjenesteyting
- Kulturell virksomhet, underholdning og fritidsaktiviteter
- Annen tjenesteyting

⁷ Vektene SSB har kalkulert og nytta i bearbeidinga av statistikken gir ikkje korrekte populasjonsstorleikar for næringar oppdelt etter føretaksstorleikar Eurostat. (2022b). *Continuing Vocational Training Survey 2015 - National Reference Metadata in ESS Standard for Quality Reports Structure (ESQRS) - Compiling agency: Statistics Norway.* <https://circabc.europa.eu/ui/group/d14c857a-601d-438a-b878-4b4cebd0e10f/library/84f7b6da-1d7a-4335-aed8-c2f9ab20ea4b/details>.

Desse 15 næringane er slått saman til 10 i SSB sin presenterte statistikk.⁸ Elles har næringa «Finansierings- og forsikringsvirksomhet» blitt endra, og inkluderer frå og med 2020 også føretak i banksektoren. Ein må derfor vera forsiktig med å tolka endringar mellom dei to måletidspunkta for denne næringa.

Totalt antal føretak i Noreg innanfor aktuelle næringar og storleikar er 27 228. Av desse er blei 2 967 invitert til å bli med, og 2 283 (77 prosent) gjennomførte undersøkinga (Eurostat, 2023e). Undersøkinga gjeld forhold i 2020, men er gjennomført i 2021, hovudsakeleg i mai og juni. Føretak i 15 av 21 næringshovudområde i Standard for næringsgruppering (SN 2007) er inkludert i undersøkinga. Dei ekskluderte hovudnæringsområda er *Jordbruk, skogbruk og fiske, Off. adm., forsvar, sosialforsikring, Undervisning, Helse- og sosialtjenester, Lønnet arbeid i private husholdningar og Internasjonale organer.*

4 Nedgang i gjennomføring av dei fleste typar opplæringsaktivitetar

I *Opplæring i føretak* er ein opplæringsaktivitet ein aktivitet som er planlagt på førehand, blir gjennomført spesifikt med tanke på opplæring, og er finansiert heilt eller delvis av føretaket (Eurostat, 2021, p. 9). Vidare blir det skild mellom kurs og andre former for opplæring: Kurs er «læringsaktivitetar som er tydeleg skilde frå den daglege arbeidssituasjonen til deltakarane og er som regel organiserte for ei større gruppe av deltakarar» (Statistisk Sentralbyrå, 2022). Andre opplæringsformer som inngår i undersøkinga er *praktisk opplæring på arbeidsplassen*⁹, *jobbrotasjon m.m.*¹⁰, *studiesirklar*¹¹, *fjernundervisning/e-læring*

⁸ Dei fem siste næringane i punktlista er slått saman til éin kategori. I tillegg er *Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning* slått saman med *Vannforsyning, avløps- og renovasjonsvirksomhet*.

⁹ Spørsmålet som blir stilt er om tilsette har fått «opplæring gjennom organisert veiledning frå kolleger».

¹⁰ «Jobbrotasjon, hospitering internt i foretaket eller studiebesøk hos andre foretak». Vidare omtala som «jobbrotasjon».

¹¹ «Interne studiesirkler eller faglige diskusjonsgrupper»

*m.m.*¹² og *konferansar/messer m.m.*¹³ Me vil sjå nærare på deltakingstal for dei ulike opplæringsformene kvar for seg.


Dei aller fleste føretaka gjennomførte opplæringsaktivitetar også i 2020, men to tredeler svarar at dei gjennomførte mindre opplæring enn planlagt på grunn av koronarestriksjonar og stor arbeidsbelastning (Statistisk Sentralbyrå, 2023i). Nedgangen i opplæring er gjennomgåande: I alle næringar svarar 60 til 80 prosent av føretaka at koronarestriksjonar gjorde at dei gjennomførte færre opplæringsaktivitetar enn planlagt. I tillegg kutta 24 til 57 prosent av føretaka i dei ulike næringane ned på opplæringstilbodet på grunn av høg arbeidsbelastning i denne perioden (Statistisk Sentralbyrå, 2023i). Høgast her ligg byggje- og anleggsbransjen, som også er den næringa med størst nedgang i opplæring samla sett dette året. 88 prosent av føretaka i byggje- og anleggsbransjen gjennomførte ei eller anna form for opplæring i 2020, mot 98 prosent i 2015.

Store føretak melder i større grad enn små føretak at dei gjennomførte færre opplæringsaktivitetar på grunn av koronarestriksjonar, men på den andre sida er det også dei store føretaka som under pandemien i størst grad har arrangert opplæringsaktivitetar som elles ikkje ville ha blitt gjennomført (Statistisk Sentralbyrå, 2023i). Samla sett er det dei små føretaka som i størst grad har redusert opplæringsaktivitet i 2020.

¹² «Fjernundervisning, e-læring eller andre former for selvstudier». Vidare omtala som «fjernundervisning/e-læring».

¹³ «Konferansar, forelesningar, workshops eller messer der opplæring var hovedformålet med deltakelsen». Vidare omtala som «konferansar/messer».

Figur 1 Andel føretak som har gjennomført minst éin opplæringsaktivitet. 2015 og 2020. Prosent.



Kjelder: Tabell 13665 (Statistisk Sentralbyrå, 2023c) og Tabell 13667 (Statistisk Sentralbyrå, 2023e).

Heilt overordna ser ein i Figur 1 at 93 % av alle føretak gjennomførte minst éi form for opplæringsaktivitet for dei tilsette i 2020. Denne andelen har gått ned frå 99 % i 2015. Mengda opplæring har derimot gått ned i større grad enn dette talet åleine kan synast å indikera. Gjennomgåande har mange føretak gjennomført *færre typar* opplæringsaktivitetar i 2020 samanlikna med i 2015. Som ein ser i Figur 1, var berre for aktivitetane fjernundervisning/e-læring og studiesirklar det ikkje var ein nedgang i 2020. I tillegg har ein *lågare andel* av dei tilsette delteke på dei aktivitetane som har blitt gjennomført. Det er store skilnader mellom ulike næringar, og dei næringane som økonomisk sett har blitt hardest råka av pandemien har ein større nedgang enn andre på mange punkt. Likeins ser ein at nokre av dei næringane som har gått særleg bra under pandemien har hatt ein meir moderat nedgang i opplæring, og på nokre punkt ein oppgang. Me vil sjå nærare på detaljar om dette i seinare kapittel.


I tillegg til skilnadar mellom næringar, er det store skilnader mellom føretak av ulik storleik. Nedgangen i opplæringsaktivitet i 2020 ser ut til å ha råka skeivt – små føretak rapporterer gjennomgåande om større nedgang enn store føretak. Om dette har økonomiske årsaker eller andre årsaker kan me ikkje utan vidare seia. Noko ein ser, er at store føretak i større grad enn små har eit eige budsjett for opplæringsaktivitetar. 63 prosent av dei store føretaka hadde dette i 2020, mot 36 prosent av dei mellomstore og 18 prosent av dei små føretaka.

4.1 Deltaking på kurs

Andelen føretak som har hatt tilsette på kurs har gått ned frå 90 % til 79 % frå 2015 til 2020 (Figur 1), og det er i dei små og mellomstore føretaka at nedgangen er størst. Som ein ser av Figur 2, var det allereie i 2015 ein viss skilnad mellom store og små føretak når det gjaldt kursverksemd. Denne har vakse seg større, og i 2020 hadde 77 % av dei små føretaka tilsette på kurs, mot 94 % av dei store.


Også mellom dei ulike næringane er det langt større skilnader i 2020 enn det var i 2015 (Figur 3). Overnattings- og serveringsverksemdene, som vart særleg hardt råka økonomisk under pandemien, har hatt den klart største nedgangen – her har andelen føretak som har drive kursaktivitet gått ned med 27 prosentpoeng til 62 prosent. Også byggje- og anleggsverksemdene rapporterer om stor nedgang. For andre næringar ser ein stort sett ein nedgang på mellom 4 og 12 prosentpoeng til ein andel på mellom 80 og 90 prosent.

Figur 2 Andel føretak i ulike storleikar som har hatt tilsette på kurs. 2015 og 2020. Prosent.



Kjelde: Tabell 13666 (Statistisk Sentralbyrå, 2023d).

Figur 3 Andel føretak i ulike næringer som har hatt tilsette på kurs. 2015 og 2020. Prosent




Kjelde: Tabell 13665 (Statistisk Sentralbyrå, 2023c).

Eit anna spørsmål er kor stor andel av dei tilsette i føretaka som deltek i den aktuelle oppløringa. Dersom ein ser på kor stor andel av føretaka som har hatt meir enn halvparten av dei tilsette på kurs, vert skilnaden mellom små og store føretak forsterka mellom 2015 og 2020 (sjå Figur 4). I 2015 var andelen rundt 50 % for føretak av alle storleikar, men i 2020 hadde denne *auka* til over 60 % for dei store føretaka. Tilsvarande andel hadde derimot gått ned til under 40 % for små føretak. Tal for dei ulike næringane (Figur 5) viser at finans- og forsikringsverksemdene sender den største andelen tilsette på kurs. Her har 84 % av føretaka sendt meir enn halvparten av dei tilsette på kurs i 2020. Me skal som nemnd vera forsiktige med å samanlikna nett denne næringa med tala frå 2015, men som me ser i figuren låg finans- og forsikring høgast også då, med omtrent same andel. Elles er Informasjon og kommunikasjon den einaste næringa der me kan slå fast at andelen har auka, og den auken er også stor (frå 42 til 58 prosent). Som me kan sjå i Tabell 1, er Finans og forsikring og Informasjon og kommunikasjon saman med Varehandel dei næringane med størst økonomisk vekst sidan 2015 (pandemiperioden inkludert). I alle andre næringar (inkludert Varehandel) har andelen tilsette som har vore på kurs gått markert ned, og


særleg i næringane Bygg- og anlegg og Overnatting og servering. Overnatting og servering var saman med Transport og lagring den næringa som økonomisk sett gjekk klart dårlegast under pandemien. Transport og lagring har på si side ikkje hatt ein større nedgang i kursverksemd enn andre næringar, men låg allereie svært lågt når det gjeld andel føretak som har hatt meir enn halvparten av dei tilsette på kurs.

Figur 4 Andelen føretak i ulike storleikar som har hatt meir enn halvparten av dei tilsette på kurs. 2015 og 2020. Prosent.



Kjelde: Utrekna med utgangspunkt i tabellar frå Eurostat (2023a, 2023c).

Figur 5 Andelen føretak i ulike næringar som har hatt meir enn halvparten av dei tilsette på kurs. 2015 og 2020. Prosent.




Kjelde: Mottatt på e-post frå Statistisk sentralbyrå.

4.2 Deltaking i andre former for opplæring


Som ein ser i Figur 1, varierer det mellom ulike opplæringsaktivitetar korleis deltakinga har endra seg frå 2015 til 2020. Den største nedgangen finn ein i andelen føretak som har gjennomført praktisk opplæring på arbeidsplassen (ned frå 74 % til 65 %) og deltaking på konferansar m.m. (ned frå 49 % til 35 %). Deltakinga på fjernundervisning/e-læring har gått opp (frå 43 % til 55 %), medan det var mindre endringar for deltaking i jobbotasjjon og studiesirklar (begge ligg rundt 25 %).

Figur 6 Andelen føretak i ulike storleikar som har drive praktisk opplæring på arbeidsplassen. 2015 og 2020. Prosent.



Kjelde: Tabell 13668 (Statistisk Sentralbyrå, 2023f).

Figur 7 Andelen føretak i ulike næringar som har drive praktisk opplæring på arbeidsplassen. 2015 og 2020. Prosent.




Kjelde: Tabell 13667 (Statistisk Sentralbyrå, 2023e).

Det er i dei største føretaka at det går føre seg klart mest av desse typane opplæring. Praktisk opplæring på arbeidsplassen er likevel vanleg i føretak av alle storleikar – 63 % av dei minste føretaka og 79 % av dei største føretaka gjennomførte dette i 2020 (sjå Figur 6). Dette er ein nedgang på rundt 10 prosentpoeng frå 2015. Blant dei mellomstore føretaka har andelen derimot auka litt mellom 2015 og 2020. Som ein ser av Figur 7, er praktisk opplæring på arbeidsplassen utbreidd i dei fleste næringane – i halvparten av bransjane dreiv meir enn 70 % av føretaka med dette i 2020. Næringane overnatting og servering og varehandel hadde størst nedgang frå 2015 – her dreiv høvesvis 63 og 65 prosent av føretaka med praktisk opplæring på arbeidsplassen i 2020. Tilsvarende andelar i 2015 var 84 og 81 prosent. Også i industri og transport og lagring er det stor nedgang frå 2015. Ein hovudtendens ein ser i dei fleste næringane er elles at dei føretaka som faktisk gjennomførte praktisk opplæring på arbeidsplassen i 2020 involverte ein lågare andel av dei tilsette i dette enn det som var tilfelle i 2015.


Også fjernundervisning/e-læring var vanleg i føretak av alle storleikar i 2020 (Figur 8), men her er skilnaden i deltaking stor mellom dei minste føretaka (52 % deltaking) og dei største (90 % deltaking). Kanskje ikkje uventa har andelen føretak som dreiv med fjernundervisning/e-læring gått opp. Som me ser i Figur 1, dreiv 55 prosent av alle føretak med dette i 2020, mot 43 prosent i 2015. Det kan vera rimeleg å anta at oppmøterestriksjonar under pandemien har gjort denne forma for opplæring meir aktuell i 2020. Særleg høg er bruken av fjernundervisning i næringane finans og forsikring (85 prosent), informasjon og kommunikasjon (78 prosent) og den olje- og gassdominerte næringa bergverksdrift og utvinning (76 prosent). Til samanlikning finn ein den lågaste andelen i 2020 i næringane overnatting og servering og bygg og anlegg (høvesvis 40 og 43 prosent). Ein gjennomgåande trend for dei føretaka som dreiv med fjernundervisning i 2020 er at ein høgare andel av dei tilsette deltok på dette i 2020 samanlikna med 2015.

Figur 8 Andelen føretak i ulike storleikar som har drive med fjernundervisning/e-læring. 2015 og 2020. Prosent.



Kjelde: Tabell 13668 (Statistisk Sentralbyrå, 2023f).

Figur 9 Andelen føretak i ulike næringer som har drive med fjernundervisning/e-læring. 2015 og 2020. Prosent.



Kjelde: Tabell 13667 (Statistisk Sentralbyrå, 2023e).

Jobbrotasjon er mindre utbreidd enn praktisk opplæring og fjernundervisning/e-læring. 24 prosent av føretaka dreiv med jobbrotasjon i 2020, mot 30 prosent i 2015 (Figur 1). Det var i dei store føretaka at dette var klart mest utbreidd (44 prosent, mot 22 prosent av dei små føretaka) (Statistisk Sentralbyrå, 2023f). Jobbrotasjon har vore mest utbreidd i næringane industri, bergdrift og utvinning, finans og forsikring og overnatting og servering, men ein ser ein nedgang også for desse næringane. I 2015 dreiv rundt 40 prosent av føretaka i desse næringane med jobbrotasjon, og i 2020 var andelen gått ned til rundt 30 prosent (Statistisk Sentralbyrå, 2023e).

Studiesirkklar siktar i denne samanhengen til grupper av tilsette som samlast jamleg for å løysa aktuelle problemstillingar gjennom diskusjon, og der hovudmålet er å læra noko. Det siktar også til jamlege møte mellom tilsette der føremålet er å læra om prosedyrar på arbeidsplassen og om behov i arbeidsorganisasjonen (Eurostat, 2021). Denne opplæringsforma er særleg vanleg i finans- og forsikringsbransjen (60 prosent) og informasjon og kommunikasjon (47 prosent) (Statistisk Sentralbyrå, 2023e). Over halvparten av dei store føretaka driv med dette, mot ein tredel av dei mellomstore og ein firedel av dei små føretaka. Ein større andel av føretaka, særleg dei store og mellomstore, hadde studiesirkklar i 2020 samanlikna med 2015 (Statistisk Sentralbyrå, 2023f). Det er

mogleg at dette er ei opplæringsform som har vore lettare enn andre å gjennomføra under pandemien, sidan det involverer små grupper av interne tilsette og også kan gjennomførast digitalt.

Deltaking på konferansar/messer er rekna som opplæringsaktivitet i dei tilfella der opplæring er hovudføremålet med at tilsette deltek. 35 prosent av føretaka hadde tilsette som deltok på dette i 2020 – ein nedgang frå om lag 50 prosent i 2020 (Statistisk Sentralbyrå, 2023e). Igjen kan det vera rimeleg å anta at restriksjonar under pandemien spelar ei rolle. Finans- og forsikringsverksemdene (74 prosent) og føretak innan informasjon og kommunikasjon (64 prosent) har oppretthalde eit høgt nivå også i 2020.

5 Kraftig endra ressursbruk i mange næringar

5.1 Utgifter til opplæring


Utgifter inkluderer direkte kostnader i samband med opplæringskurs, i tillegg til lønskostnader for deltakarane (Eurostat, 2022a). Store føretak har noko større utgifter per person enn små føretak, men det er mellom ulike næringar me ser dei verkeleg store skilnadene (Figur 10). For finans- og forsikringsnæringa sin del er det også enormt store skilnader mellom 2015 og 2020, men som nemnt er det vanskeleg å samanlikna dei to tidspunkta for denne næringa.¹⁴ Det er elles i finans- og forsikring at ein ser dei soleklart høgaste utgiftene til opplæring per person i 2020, med 48 000 kroner¹⁵. Den største påviste auken finn me i næringa Informasjon og kommunikasjon, der utgiftene har gått opp med 20 prosent til litt over 9 000 kroner per person. Den største prosentvise nedgangen (meir enn 60 prosent) er innan Transport og lagring. Overnattings- og serveringsverksemdene brukte minst pengar av alle, med litt over 1 400 kroner per person i 2020. Her finn ein også den nest største prosentvise nedgangen, på nesten 40 prosent. Også

¹⁴ På grunn av dette, og på grunn av at utgiftene i 2020 er så høge at det gjer figuren vanskeleg lesbar, er tala tekne ut av figuren.

¹⁵ Alle kroneverdiar i dette kapittelet er oppgitt i 2015-kroner, og er justert på bakgrunn av konsumprisindeksen Statistisk Sentralbyrå. (2023j). *Konsumprisindeksen*. Retrieved 31.10 from <https://www.ssb.no/priser-og-prisindekser/konsumpriser/statistikk/konsumprisindeksen>.

næringane Kraftforsyning og vatn/avlaup og Bergverksdrift og utvinning har hatt markante nedgangar på høvesvis 34 og 25 prosent.

Figur 10 Samla utgifter til opplæring per person i føretak i ulike næringar. 2020. Antal 2015-kroner.




Kjelde: Mottatt på e-post frå Statistisk sentralbyrå.

5.2 Tid brukt til opplæringskurs

I gjennomsnitt blir 9 timar pr 1000 arbeidstimar i føretaka brukt til opplæringskurs. Det er liten skilnad mellom føretak av ulike storleikar, men mellom næringar er det store skilnader, særleg i 2020. I 2015 var skilnadene mellom næringar langt mindre. I informasjons- og kommunikasjonsnæringa har tidsbruken auka kraftig sidan 2015, og denne næringa ligg i 2020 på topp med 17 timar pr 1000 arbeidstimar. Nest høgast ligg Eigedom og tenesteyting, som også har hatt ein stor auke sidan 2015. Overnattings- og serveringsverksemdene og verksemdene innan transport og lagring har hatt den største nedgangen i tidsbruk. I førstnemnde næring vart det i 2020 brukt 3 timar pr 1000 arbeidstimar på opplæring, mot 9 timar i 2015. Også når det gjeld tidsbruk, ser ein altså at den største nedgangen er i næringane som har gått dårlegast i pandemiperioden, medan den største auken har vore i ei av næringane som gjekk best i perioden 2015–2020. Eigedom og tenesteyting er likevel ikkje blant dei som har gått aller best økonomisk.


Figur 11 Timar brukt på kurs per 1000 arbeidstimar i føretak i ulike næringar. 2015 og 2020. Antal timar.



Kjelde: Mottatt på e-post frå Statistisk sentralbyrå.

6 Ferdigheter føretaka trur blir viktige dei neste åra

Figur 12 Andel føretak som meiner at bestemte ferdigheiter vil bli viktige for utviklinga deira dei neste åra. 2020. Prosent.




Kjelde: Tabell 13669 (Statistisk Sentralbyrå, 2023g).

Kvart føretak har blitt bede om å nemna det dei trur vil vera dei tre viktigaste ferdigheitene for føretaket si utvikling dei neste åra (Figur 12).

Tekniske/praktiske/jobbspesifikke ferdigheiter blir nemnd oftast (rundt 60 prosent av føretaka nemner dette). I næringa Utvinning og bergverksdrift nemner heile 95 prosent dette, og elles ligg andelen på 79 til 85 prosent i næringa Kraftforsyning og vatn/avlaup, i bygg- og anleggsnæringa og i industrien (Statistisk Sentralbyrå, 2023g). Nesten halvparten av føretaka nemner kundebehandling som eit kommande kompetansebehov – høgast andel finn ein blant føretaka i næringane Overnatting og servering og Varehandel (80-90 prosent). 80 prosent av føretaka innan informasjon og kommunikasjon meiner at avansert IT-kompetanse vil bli viktig, medan langt færre i andre næringar nemner dette. 30-40 prosent av føretaka nemner teamarbeid/samhandling, problemløysing og leiing/administrasjon, og det er liten variasjon mellom næringane i etterspurnaden etter desse ferdigheitstypane. For dei fleste av ferdigheitene er det også forholdsvis liten variasjon mellom føretak av ulike storleik. Eit unntak er leiing og administrasjon, som blir nemnd av meir enn halvparten av dei store føretaka og berre rundt 20 prosent av dei små føretaka. Problemløysing blir på den andre side nemnd oftare av små føretak (24 prosent) enn store føretak (9 prosent) (Statistisk Sentralbyrå, 2023h).

7 Ferdigheiter føretak har hatt opplæringskurs i

Figur 13 Viktigste ferdigheiter føretak har hatt opplæringskurs i (blant føretak som har hatt kurs). 2020. Prosent



Kjelde: Eurostat (2023d)

Dei føretaka som har gjennomført opplæringskurs (79 prosent i 2022) blir bedne om å oppgi kva som er dei tre viktigaste ferdigheitene kursa har gitt opplæring i, målt i antal timar. Figur 13 er dimes ikkje direkte samanliknbar med Figur 12, som er basert på svar frå alle føretak. Likevel ser det ut til å vera nokre tydelege samanhengar mellom dei to figurane. I begge tilfella nemner langt over halvparten av føretaka tekniske/praktiske/jobbspesifikke ferdigheiter. Vidare nemner rundt halvparten av føretaka at teamarbeid/samhandling og kundebehandling vil bli viktig dei neste tre åra, og rundt 30 prosent av dei som har arrangert opplæringskurs har gitt kurs i dette.

For enkelte ferdigheitstypar er det store skilnader mellom næringar.¹⁶ Samla sett svarar 15 prosent at dei gir tilsette opplæring i avansert IT-kompetanse, men i informasjons- og kommunikasjonsnæringa, som ligg i særklasse høgast, er andelen nesten 70 prosent. Nest høgast ligg Finans og forsikring med 20 prosent. På liknande vis skil opplæring i kundebehandling seg ut for overnattings- og serveringsverksemdene (75 prosent) og Varehandel (58 prosent). For andre ferdigheitstypar er skilnadene mindre mellom næringar. Også når ein ser på føretak av ulik storleik, er det berre for visse typar ferdigheiter at ein ser tydelege skilnader. Dette gjeld mellom anna leiing og administrasjon, der særleg dei største bedriftene gir opplæring (54 prosent, mot 23 prosent av dei minste bedriftene). Motsett ser ein at de små bedriftene i klart størst grad gir opplæring i problemløysing (24 prosent, mot 9 prosent av dei store bedriftene).

8 Nokre vurderingar

2020-runden av CVTS handlar om eit år som var sterkt prega av pandemien, og må bli vurdert i lys av det. Vidare er det nokre næringar som ikkje er inkludert i CVTS, ikkje minst fleire med hovudtyngd i offentleg sektor, og tala me har lagt fram her vil kanskje sjå annleis ut i desse næringane. Eit overordna trekk me har sett, er at det i 2020 er langt større skilnader mellom ulike typar føretak i kor mykje opplæringsaktivitetar dei driv med enn det som var tilfelle i 2015. Dette gjeld både mellom føretak av ulik storleik og mellom føretak i ulike næringar.

Det er blant dei små føretaka det har vore størst nedgang i opplæringsaktivitetar. Det er også dei små føretaka som i minst grad melder om at dei har eit eige budsjett til opplæringsaktivitetar. SSB kommenterer at store føretak kan ha hatt

¹⁶ Data for ulike næringar er motteke frå SSB på e-post.

større ressursar til å driva med e-læring under pandemien (Statistisk Sentralbyrå, 2023i), og det er mogleg at me ser teikn til at store føretak i det heile har hatt meir ressursar til å oppretthalda eit opplæringstilbod.

Tilsvarande ser ein også større skilnader mellom ulike næringar i 2020 enn det som var tilfelle i 2015. Særleg er det klare tendensar til at nokre av dei næringane som har gått dårlegast under pandemien også har hatt størst nedgang i opplæringsaktivitet. Ikkje minst gjeld dette næringane Overnatting og servering og Transport og lagring. Informasjon- og kommunikasjonsnæringa hatt størst auke i volum mellom 2015 og 2020, og greidde seg også godt i den første delen av pandemien, som er den me har sett på her. Dette er også den næringa som har den største (sikre) auken i utgifter til opplæring i perioden. Me har sett at Finans- og forsikringsnæringa har svært mykje høgare pengebruk enn alle andre næringar i 2020, men på grunn av endringar i utvalet kan me likevel seia lite om endringar frå 2015. Denne næringa, som også har gått godt i den aktuelle femårsperioden, ligg elles svært høgt når det gjeld opplæring av fleire ulike typar, noko ho også gjorde i 2015.

Føretaka vart råka av pandemien på fleire måtar enn berre økonomisk. Som nemnt innleiingsvis er det ein høg andel som svarar at dei har gjennomført færre opplæringsaktivitetar grunna koronarestriksjonar og høg arbeidsbelastning. Også på desse punkta har enkelte næringar blitt råka meir enn andre. Me ser likevel ikkje dette like tydeleg att i form av endringar i gjennomført opplæring, utanom for bygge- og anleggsverksemdene. Desse rapporterer i langt større grad enn andre om at dei har gjennomført færre opplæringsaktivitetar grunna høg arbeidsbelastning, og i denne næringa har det også vore ein markant nedgang i opplæring mellom 2015 og 2020.

Som nemnd innleiingsvis, er det avgrensa i kva grad CVTS kan brukast til internasjonale samanlikningar. Undersøkinga dekkjer ikkje alle næringar, og det varierer mellom land kor stor andel av dei sysselsette som jobbar i dei aktuelle næringane. I tillegg presenterer Eurostat statistikk for samanslåtte næringar, noko som gjer det vanskeleg å gjera gode samanlikningar, særleg når skilnadane mellom næringar er så store som me har sett at dei er i Noreg. Nokre overordna trekk kan me likevel nemna: Både samla sett og for ulike næringsgrupper og føretaksstorleikar, ligg Noreg svært høgt på lista når ein ser på andel føretak som har gjennomført opplæring av tilsette (Eurostat, 2023b, 2023c). Dette gjeld også for dei fleste ulike typar opplæring. Som i Noreg, har det i EU-landa samla vore ein generell nedgang i opplæringsaktivitet frå 2015 til 2020. Eit unntak er fjernundervisning/e-læring, der aktiviteten har auka både i Noreg og så å seia alle EU-land.

Neste runde av CVTS er planlagt gjennomført i 2026, og vil ta for seg opplæring som har føregått i 2025. Noko av det me kan få svar på då, er om skilnadene mellom næringar og føretak av ulik storleik då har bli mindre igjen, eller om det har etablert seg eit meir permanent mønster der visse næringar og store føretak gjennomgåande har langt meir opplæring av dei tilsette enn andre.

9 Referanseliste

- Andresen, S. M. H., Grendal, O. N., & Keute, A. L. (2021). *Kompetanseutvikling under Covid-19* (Rapporter, Issue).
https://www.ssb.no/utdanning/voksenopplaering/artikler/kompetanseutvikling-under-covid-19/_attachment/inline/0f65bb6d-2a8f-4984-bf32-8087026ef88c:4529978f02ea74d5a53251aed8af22227be1b55c/RAPP2021-25.pdf
- Eurostat. (2016). *CVTS 5 manual*. <https://circabc.europa.eu/ui/group/d14c857a-601d-438a-b878-4b4cebd0e10f/library/43cebd2-6b09-4298-b9b9-ba57d1f42301/details>
- Eurostat. (2021). *CVTS 6 manual*. <https://circabc.europa.eu/ui/group/d14c857a-601d-438a-b878-4b4cebd0e10f/library/fae1ed15-c64b-430e-8e72-250ea1b2424c/details>
- Eurostat. (2022a). *Continuing vocational training in enterprises. Reference Metadata in Euro SDMX Metadata Structure (ESMS)*.
https://ec.europa.eu/eurostat/cache/metadata/en/trng_cvt_esms.htm
- Eurostat. (2022b). *Continuing Vocational Training Survey 2015 - National Reference Metadata in ESS Standard for Quality Reports Structure (ESQRS) - Compiling agency: Statistics Norway*.
<https://circabc.europa.eu/ui/group/d14c857a-601d-438a-b878-4b4cebd0e10f/library/84f7b6da-1d7a-4335-aed8-c2f9ab20ea4b/details>
- Eurostat. (2023a). *Enterprises providing training by participation intensity, type of training and size class - % of training enterprises*. Retrieved 3.11 from
https://ec.europa.eu/eurostat/databrowser/view/trng_cvt_04s/default/table?lang=en&category=educ.educ_part.trng_cvt.trng_cvt_00
- Eurostat. (2023b). *Enterprises providing training by type of training and NACE Rev. 2 activity - % of all enterprises*. Retrieved 16.1 from
https://ec.europa.eu/eurostat/databrowser/view/trng_cvt_01n2_custom_9363950/default/table?lang=en
- Eurostat. (2023c). *Enterprises providing training by type of training and size class - % of all enterprises*. Retrieved 3.11 from
https://ec.europa.eu/eurostat/databrowser/view/TRNG_CVT_01S_custom_7215437/default/table?lang=en
- Eurostat. (2023d). *Main skills targeted by CVT courses by type of skill and size class - % of enterprises providing CVT courses*. Retrieved 3.11 from
https://ec.europa.eu/eurostat/databrowser/view/trng_cvt_29s/default/table?lang=en&category=educ.educ_part.trng_cvt.trng_cvt_05
- Eurostat. (2023e). *NO - QR tables CVTS 2020 (excel)* (CVTS 6 quality report - annex, Issue).
https://ec.europa.eu/eurostat/cache/metadata/Annexes/trng_cvt_sims_no_an1.xlsx
- Eurostat. (2023f). *Participation rate in job-related non-formal education and training by type and sex*. Retrieved 28.11 from
https://ec.europa.eu/eurostat/databrowser/view/trng_aes_120/default/table?lang=en
- Grendal, O. N. (2022). *Halvparten av sysselsatte i offentlig administrasjon deltok på kurs*. Statistisk Sentralbyrå. Retrieved 25.01.2023 from
<https://www.ssb.no/utdanning/voksenopplaering/statistikk/livslang-laering/artikler/halvparten-av-sysselsatte-i-offentlig-administrasjon-deltok-pa-kurs>
- NOU 2019: 12. (2019). *Lærekraftig utvikling*.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/849b377650a449d599d80835e74805ed/nou201920190012000dddpdfs.pdf>
- Statistisk Sentralbyrå. (2022). *Opplæring i føretak*. Statistisk Sentralbyrå. Retrieved 24.01.2023 from
<https://www.ssb.no/utdanning/voksenopplaering/statistikk/opplaering-i-bedrifter>

- Statistisk Sentralbyrå. (2023a). *09170: Produksjon og inntekt, etter næring 1970 - 2022*. Retrieved 3.11 from <https://www.ssb.no/statbank/table/09170/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2023b). *09174: Lønn, sysselsetting og produktivitet, etter næring 1970 - 2022*. Retrieved 3.11 from <https://www.ssb.no/statbank/table/09174/tableViewLayout1/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2023c). *13665: Føretak som tilbyr kurs og andre former for opplæring for sine tilsette, etter type opplæring og næring (andel av føretak) 2015 - 2020*. Retrieved 22.9 from <https://www.ssb.no/statbank/table/13665/tableViewLayout1/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2023d). *13666: Føretak som tilbyr kurs og andre former for opplæring for sine tilsette, etter tal på tilsette (andel av føretak) 2015 - 2020*. Retrieved 3.11 from <https://www.ssb.no/statbank/table/13666/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2023e). *13667: Føretak som tilbyr andre former for opplæring til sine tilsette, etter næring og andel tilsette som deltok i opplæring (andel av føretak) 2015 - 2020*. Retrieved 3.11 from <https://www.ssb.no/statbank/table/13667/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2023f). *13668: Føretak som tilbyr andre former for opplæring til sine tilsette, etter tal på tilsette og andel tilsette som deltok i opplæring (andel av føretak) 2015 - 2020*. Retrieved 3.11 from <https://www.ssb.no/statbank/table/13668/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2023g). *13669: Viktigaste ferdigheiter for føretakets utvikling, etter type ferdigheit og næring (andel av føretak) 2015 - 2020*. Retrieved 3.11 from <https://www.ssb.no/statbank/table/13669/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2023h). *13670: Viktigaste ferdigheiter for føretakets utvikling, etter type ferdigheit og tal på tilsette (andel av føretak) 2015 - 2020*. Retrieved 3.11 from <https://www.ssb.no/statbank/table/13670/>
- Statistisk Sentralbyrå. (2023i). *COVID-19 førte til mindre opplæring i norske foretak*. Statistisk Sentralbyrå. Retrieved 19.01.2023 from <https://www.ssb.no/utdanning/voksenopplaering/statistikk/opplaering-i-bedrifter/artikler/covid-19-for-te-til-mindre-opplaering-i-norske-foretak>
- Statistisk Sentralbyrå. (2023j). *Konsumprisindeksen*. Retrieved 31.10 from <https://www.ssb.no/priser-og-prisindekser/konsumpriser/statistikk/konsumprisindeksen>